



## Sakspapir

### SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Utval for Levekår (UFL)	05.12.2016	078/16

Arkiv: FA - A00, TI - &00  
Sakshandsamar: Rune Landro

Arkivsaknr: 16/1046 - 10

### Høyring - betre læring for elevar med stort læringspotensiale

#### Kort om saka:

NOU:2016:14 «Mer å hente. Bedre læring for elevar med stort læringspotensiale» er på høyring i kommunane og fylkeskommunane, med høyringsfrist 9.12.2016. Høyringsdokumentet omhandlar plikta til å gje den einskilde elev tilpassa opplæring, og at denne plikta også gjeld elevar som presterer på høgt fagleg nivå og som har eit stort læringspotensiale. Utvalet som har skrivne utgreiinga, tilrår ei rekke tiltak som har som mål å gje elevar med stort læringspotensiale eit betre skuletilbod. Tiltaka er knytt til rammevilkår, kunnskap, forskning og utdanning, kompetanse og undervisningspraksis.

Rådmannen innstiller på å støtta tilrådingane i høyringa

#### Dokument vedlagt saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
20.09.2016	Høyring til NOU:2016:14 Mer å hente. Bedre læring for elevar med stort læringspotensial	21257
20.09.2016	NOU:2016:14 Mer å hente. Bedre læring for elevar med stort læringspotensial	21259

#### Aktuelle lover, føresegner, avtalar, planar:

- Opplæringslova
- Forskrift til opplæringslova

#### Saksopplysningar:

Eit offentleg utval leia av utdanningsdirektør Jan Sivert Jøsendal leverte si utgreiing, NOU 2016:14 «Mer å hente. Bedre læring for elevar med stort læringspotensial», til kunnskapsministeren 15. september 2016. Utvalet fekk ei bestilling frå regjeringa der ein bad om å få vurdert føresetnader for og kva konkrete tiltak som skal til for at fleire elevar skal prestera på høgt og avansert nivå i grunnopplæringa, og for at høgt presterande elevar skal få eit betre skuletilbod.

Plikta til å gje tilpassa opplæring gjeld alle elevar, også elevar med gode føresetnader for

læring på høgt nivå. Utgreiinga peikar på tre hovudutfordringar i grunnopplæringa:

1. Grunnopplæringa gjev ikkje elevar med stort læringspotensiale ei tilpassa opplæring som gjer det moglet for dei å realisera læringspotensialet sitt.
2. Skulane utnyttar ikkje handlingsrommet dei har for pedagogisk og organisatorisk differensiering
3. Utdanningssystemet nasjonalt og lokalt har behov for eit felles kunnskapsgrunnlag for å iverksetja forbetringstiltak på kort og lang sikt.

Utvalet kategoriserer innsatsen som må gjerast framover i seks ulike område:

- *Organisatorisk*: omfattar korleis opplæringa vert strukturert, vert leia og organisert
- *Pedagogisk*: omhandlar læring, utvikling og undervisning
- *Didaktisk*: omhandlar undervisningsmetodikk knytta til fag
- *Sosialt*: omfattar elevane sitt sosiale miljø og deira rett til å høyra til sosialt
- *Juridisk*: omfattar regelverk som skulen er forplikta til å følgja
- *Økonomisk*: omfattar finansiering av både drift og utvikling av skulesektoren

Utvalet sine konkrete tilrådingar: (er kopiert direkte frå utgreiinga, og er derfor på bokmål)

### Rammebetingelser

*Utvalget anbefaler at nasjonale myndigheter:*

- Justerer opplæringslovens § 1-3 for å tydeliggjøre at lovbestemmelsen også inkluderer elever med stort læringspotensial.
- Tydeliggjør handlingsrommet i dagens regelverk for skoleleder, skoleeier og fylkesmannen, for eksempel gjennom nasjonale kompetanseutviklingstiltak som Regelverk i praksis og RefLex (se kapittel 6.2).
- Sørger for at progresjonsbeskrivelsene i veiledningene til læreplaner for fag skal vise eksempler på kompetanse på et høyt og avansert nivå og gi støtte til lærerens arbeid med å tilpasse undervisningen for elever med stort læringspotensial. Utviklingen av beskrivelsene må skje parallelt med fagfornyelsen i Kunnskapsløftet.

### Kunnskap forskning og erfaringer

*Utvalget anbefaler at forskningsmiljøer:*

- Utfører forskning av høy kvalitet om elever med stort læringspotensial i tett kobling og samarbeid med lærerutdanning og skoler.

*Utvalget anbefaler at nasjonale myndigheter:*

- Konsentrerer ressurser til forskning dedikert til elevgruppen. Kritiske suksessfaktorer er sterke forskningsmiljøer, og at forbindelser mellom forskning, lærerutdanning og skole styrkes for å påvirke praksis i klasserommet.
- Sikrer at forskning koordineres og formidles til sektoren.
- Sørger for at tilpasset opplæring for elever med stort læringspotensial inkluderes som tema i:
  1. Skoleleder- og lærerutdanning og utdanning i spesialpedagogikk, utdanning til PPT
  2. Videreutdanning
- Hvert fjerde år systematisk kartlegger og evaluerer effekter av tiltak for elever med stort læringspotensial.
- Sørger for at det utvikles kompetanseprogram for PPT og spesialpedagogiske institusjoner om

- lærevansker hos barn og unge med stort læringspotensial.

### Kompetanse og undervisningspraksis

#### *Utvalget anbefaler at skoleeier:*

- Bygger kapasitet på den enkelte skole og mellom skoler slik at det arbeides systematisk med oppfølging av elevenes læring.
- Tar ansvar for at skole og PPT har kompetanse i og ressurser til å identifisere elever med stort læringspotensial og tilpasse opplæring for dem.

#### *Utvalget anbefaler at skoleleder:*

- Tar i bruk eksisterende forskning og tilrettelegger for fleksibel organisering for elever med stort læringspotensial.

#### *Utvalget anbefaler at lærere:*

- bruker forskningsbasert kunnskap og varierer undervisningsmetoder gjennom for eksempel dybdelæring og berikelse.

#### *Utvalget anbefaler at nasjonale myndigheter:*

- Vurderer tiltak for å sikre at skoleeiere samarbeider og tar ansvar for tilbud om forsering til aktuelle elever.
- Sørger for at det utvikles digitale læringsressurser for elever som blant annet ivaretar dybdelæring i alle fag.
- Sørger for utvikling og bruk av e-læringsmodul for skole og PPT og for å øke kompetanse om elever med stort læringspotensial.
- Vurderer utvidelse av lærerspesialistordningen til å inkludere kunnskap om elever med stort læringspotensial.
- Utvikler kunnskapsbasert kartleggings- og veiledningsmateriell for identifisering og didaktiske råd i fag for skoler, kommuner og PPT.
- Sørger for at tilpasset opplæring for elever med stort læringspotensial inkluderes som tema i nasjonale satsinger og veiledningsmateriell.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Det ligg ikkje føre konstansmessige vurderingar av dei tiltaka som er tilrådd i høyringsdokumentet. Det vert sagt i tilknytning til mandatet for utvalet at minst eitt av alternativa som utvalet kjem opp med skal kunna realiserast innanfor dagens ressursramme. Samtidig synest det klart at ei styrking av skuletilbodet til beste for elevar med høgt læringspotensial, vil kunna krevja meir ressursar når tiltaka handlar om alt frå tilpassing i klasserommet til innhaldet i lærarutdanninga.

### **Miljøkonsekvensar:**

Ingen kjente.

### **Folkehelseperspektiv:**

Rapporten viser at elevar som ikkje får eit tilpassa skuletilbod vil kunne oppleva mistrivsel og i alvorlege tilfelle også psykiske vanskar. Dette vil igjen kunne påverka klasse- og skulemiljøet på ein negativ måte. Rapporten gjev døme på at elevar har vorte tilvist til PPT grunna åtferdsvanskar, men at det i samband med sakkunnig utgreiing blir oppdaga at elevane har særleg høgt læringspotensial, og at manglande oppfølging av dette er årsaka til uønska åtferd.

### **Vurdering og konklusjon:**

Då kommunestyret handsama Tilstandsrapport for grunnskulen 2016, KS-081/16, vedtok ein m.a.: «Øygarden kommune skal ha ein klar plan på korleis ein skal ta vare på, og utvikle også dei skuleflinke elevane.» Dette vedtaket harmonerer godt med det som er vurderingane og tilrådingane i denne høyringa.

Skulane i Øygarden er inne i første året av satsinga «Vurdering For Læring», og denne satsinga passar godt med eitt av dei tilrådde tiltaka, at skuleeigar skal sikra at det vert arbeidd systematisk med oppfølging av læringa til elevane. Ei god undervegsvurdering vil identifisera elevar med høgt læringspotensiale, og god kvalitet på oppfølging frå lærar vil sikra at også desse elevane får tilpassa opplæring.

Eit viktig element i utvalet sine vurderingar, er kva rolle PPT skal ha på dette området. Tradisjonelt er PPT ein hjelpeinstans for elevar som strevar fagleg. Utvalet peikar på at PPT i sitt systemiske arbeid må hjelpa skulane i å gje eit skuletilbod som også er tilpassa opplæringa for dei som har gode føresetnader for læring på eit høgt fagleg nivå. Dette stiller kanskje krav om ei ny bevisstgjerjing og tenking både ute i skulane og i PPT.

Høyringa tek opp utfordringar knytt til forståing av omgrepet tilpassa opplæring som har vore diskutert lenge, men som ein ikkje har teke på alvor i praksis. Det er viktig og naudsynt at det vert sett i verk tiltak som ivaretek heile elevgruppa, også dei elevane som har eit høgt læringspotensiale. Rådmannen tilrår derfor at Utval for Levekår støttar tiltaka som vert fremja i høyringsdokumentet.

### **Innstilling til vedtak:**

«Mer å hente. Bedre læring for elever med stort læringspotensial», slik det går fram av saksutgreiinga. Utval for Levekår vedtek å gje ei høyringsuttale som støttar dei tiltaka som er tilrådd i høyringa.

### **Behandling i Utval for Levekår (UFL) 05.12.2016:**

---

Utval for Levekår vedtek samrøystes innstillinga.

### **Vedtak i Utval for Levekår (UFL) - 078/16**

«Mer å hente. Bedre læring for elever med stort læringspotensial», slik det går fram av saksutgreiinga. Utval for Levekår vedtek å gje ei høyringsuttale som støttar dei tiltaka som er tilrådd i høyringa.

Siri Fahlvik Pettersen  
Rådmann

Rune Landro  
Sakshandsamar

*Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.*